


Manifest

for eit positivt oppvekstmiljø 2019 - 2023

Alle barn og unge skal ha eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for krenkande åtferd.



Barnehage – Skule - Kultur

Kommunestyret 8. april 2019



Målet er at alle barn og unge skal ha eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for krenkande åtferd. **Vi skal:**

Styrka innsatsen mot mobbing og krenkande åtferd gjennom auka bevisstheit, kunnskap- og kompetanseheving og konkrete handlingar

Setja fokus på område som er sentrale i arbeidet for eit godt oppvekstmiljø

Arbeide for samarbeid med lokale lag og organisasjonar.

Sørgja for at leirarar tek ansvar for å førebyggja og handtera mobbing

Ytterlegare forplikta alle tilsette til å arbeida for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø for alle barn og unge

Skulane og barnehagane i Bjerkreim skal kjenneteiknast av eit trygt lærings- og oppvekstmiljø prega av respekt, toleranse, likeverd og inkludering. Det skal finnast handlingsplanar for førebygging og handtering av krenkande åtferd ved alle skular og barnehagar, og vera god kompetanse på dette området blant dei tilsette. Det skal arbeidast førebyggjande ved å styrkja barn og unge sin sosiale kompetanse. Alle former for krenkande åtferd skal motarbeidast. Leiatar på alle nivå skal ta ansvar og syna nulltoleranse for dette.

Vidare skal Bjerkreim kommune arbeida for at alle som har eit ansvar knytt til barn og unge sitt oppvekstmiljø, samarbeider systematisk og målretta mot krenkande åtferd. Dette inneber å gje informasjon ut til lag og organisasjonar om kva kommunen ønsker, og ei forventning om samarbeid med desse når det trengs. Alle arenaer der barn held seg, skal opplevast trygge.

Kvar skjer den negative åtferda?

Krenkande åtferd skjer på alle arenaer barn og unge oppheld seg, for eksempel i frileik og overganger i barnehagar, på skulen, på nettet, på leikeplassar, i idrettsmiljø, på ungdomsklubber osb. På skulen syner undersøkingar at om lag 50 – 75 prosent av negativ åtferd skjer i friminutta: i skulegarden, i korridorane eller på meir gjymte stadar på skulen. Den kan også skje i timane dersom den vaksne ikkje er merksam. Det typiske er at det skjer der vaksne ikkje er tilstades, eller ikkje har oversikt over alt som skjer. Dette legg eit spesielt ansvar på dei vaksne som er sett til å ta hand om barna, både i skule, barnehage, lag og organisasjonar.

Kva er mobbing?

Mobbing kjenneteiknast av følgjande tre forhold:

- Negativ eller vondsinna åtferd.
- Åtferda skjer over tid.
- Det er ubalanse i styrkeforholdet mellom partane; den som blir utsett har vanskeleg for å forsvara seg.

Det er den som blir mobba, som har rett til å definera om ein har blitt utsett for ei krenking, og det er dei vaksne sitt ansvar å ta den opplevinga på alvor. Ingen kan krevja at andre skal tåle å bli krenka. At ein sjølv tåler mykje, gjer ikkje rett til å ignorera den urett andre vert utsett for.

Digital mobbing

Digital mobbing har mange felles kjenneteikn med ”tradisjonell” mobbing, men også forskjellar. Digital eller elektronisk mobbing er når mobbing skjer via elektroniske kontaktformer som mobiltelefon eller Internett, og kjenneteiknast ved at:

- Den skjer utan direkte kontakt mellom mobbaren og den som mobbast.
- Den kan skje kva tid som helst og kvar som helst, offeret får aldri ”fri”.
- Den kan raskt spreiaast til store grupper av mottakarar.

I tillegg kan det ofte vera vanskeleg å identifisera kven som eigentleg er avsendaren. Ofte er det samanheng mellom digital og tradisjonell mobbing, både for offer og mobbaren.

Bjerkreim kommune som skule- og barnehageeigar forpliktar seg til å arbeida aktivt mot krenkande åtferd ved å:

- Sikra at skulane og barnehagane oppfyller barn sin rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring gjennom systematisk oppfølgjing av den enkelte avdeling.
- Tilby kunnskaps- og kompetanseheving til alle tilsette.
- Ha eit tett samarbeid med leiinga på den enkelte avdeling, for å sikra seg at avdelinga følgjer vedtekne rutinar, retningslinjer og kommuniserer dei haldningane kommunen vil stå for.

Skulane forpliktar seg til å arbeide aktivt mot krenkande åtferd ved å:

- Arbeida målretta for å utvikla eit trygt og godt læringsmiljø på skulen prega av respekt, toleranse, likeverd og inkludering.
- Arbeida systematisk, langsiktig og kunnskapsbasert for å motvirka alle former for mobbing.
- Gjera skulen sine rutinar mot krenkande åtferd kjent for elevar, tilsette og føresette for å sikra at alle veit kva den enkelte part har ansvaret for.
- Følgja eit system som tek vare på elevar og tilsette som rapporterer om krenkande åtferd.
- Jamleg evaluera systemet ein bruker for å handtera mobbing
- Støtta og følgja opp alle elever som opplever krenkande åtferd gjennom iverksetting av nødvendige tiltak.
- Bidra til at mobbarar endrar åtferd gjennom iverksetting av nødvendige tiltak.
- Leggja til rette for kunnskaps- og kompetanseheving.
- Involvera og engasjera elevar, tilsette og føresette i arbeidet mot krenkande åtferd.
- Ta initiativ og leggja til rette for godt samarbeid mellom skule og heim.

Barnehagane forpliktar seg til å arbeida aktivt mot krenkande åtferd ved å:

- Fokusera på leik og leiken sin verdi for førebygging av krenkande åtferd
- Auka barna sin sosiale kompetanse
- Arbeida med språk og kommunikasjon for å styrkja samspelet mellom barn i leik
- Arbeida for at barn skal danna vennskap, og halda dei ved like
- Arbeida for at barn skal oppleva eigenverd, kjenna seg akseptert og ha ei positiv haldning til seg sjølv
- Kompetanseheving av personalet
- Ha eit system for rapportering og oppfølgjing dersom ein avdekkar mobbing.
- Arbeida for eit godt samarbeid med heimen

Kultursektoren forpliktar seg til å arbeida aktivt mot krenkande åtferd ved å:

- Arbeida aktivt for å setja krenkande åtferd på dagsorden eksempelvis på møter med lag og organisasjonar eller gjennom utstillingar for å bevisstgjera vaksne som arbeidar med barn og unge
- Kulturskulen skal arbeide for å fremje god trivsel og motarbeide mobbing. Alle tilsette skal gripe inn overfor krenkande åtferd.

Arbeidstakarorganisasjonane forpliktar seg til å arbeide aktivt mot krenkande åtferd ved å:

- Setja åtferd på dagsorden og ta opp temaet jamleg i møte med medlemmar, blant anna plikta til å gripa inn dersom ein har mistanke om uakseptabel åtferd.
- Vera ein pådrivar slik at tilsette tek vare på alle barn/elevar og tek alle barn/elevar som rapporterer om mobbing på alvor.
- Reagera når kollegaer sviktar i arbeidet for eit godt oppvekstmiljø.
- Vera gode rollemodellar og bidra til å førebyggja at krenkande åtferd skjer.

Foreldreutval/Skulemiljøutvalg/Samarbeidsutvalg forpliktar seg til å arbeide aktivt mot krenkande åtferd ved å:

- Sette mobbing på dagsorden og vera pådrivar i arbeidet mot mobbing.
- Sjå til at foreldre er aktivt med i planlegging og evaluering av tiltak mot mobbing.
- Bidra til kompetanseheving og informasjon slik at ein sikrar at FAU arbeider for at dei vaksne:
 - ✓ er tydelige rollemodellar som seier frå til elever at krenkande åtferd er uakseptabelt
 - ✓ tek mobbing på alvor og bidreg til å hindra at mobbing skjer
 - ✓ oppmuntrar elevane til å fortelja om mobbing, og støttar dei når de tek det opp

Elevrådet forpliktar seg til å arbeida aktivt mot krenkande åtferd ved å:

- Setja åtferd på dagsorden og
 - ✓ hjelpe elevar som blir utsett for krenkande handlingar med å seie frå til vaksne på skulen.
 - ✓ vera gode forbilde og bidra til å forhindra at negativ åtferd skjer.
 - ✓ Laga kampanjar som engasjerar elevane til å arbeida aktivt mot mobbing.
 - ✓ Har læringsmiljø og mobbing som gjennomgåande tema på elevrådsmøta.

Kva seier lova om krenkande åtferd?

Opplæringslova

§ 9a-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Barnehagelova

§ 1 Formål

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi.. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeia alle former for diskriminering.

Avtalen ble signert 8. april 2019 i kommunestyret av:

Ordfører
Rådmann
Kommunalsjef oppvekst
Kommunalsjef levekår
Rektor Vikeså skule
Rektor Bjerkreim skule
Rektor kulturskolen
Styrar Skjeraberget barnehage
Styrar Røysekatten barnehage
Styrar Storafjellet barnehage
Elevråd Vikeså skole
Elevråd Bjerkreim skole
FAU Vikeså skule
FAU Bjerkreim skule
SU Skjeraberget barnehage
SU Røysekatten barnehage
SU Storafjellet barnehage
Utdanningsforbundet

Taljou Gjeddal
Oryx Salvest
Birthe Malm
Dyva Sandberg
Sølkel Gjøle
Lars Kristian R. Læren
Anne Bjerkreim
Marianne Vaup
Merete Hestnes.
Akk Kähkönen
Maria Gjedrem Guri Vassbø
Oddbjørn Slettebø Even Gåsland
Hildegunn Berkerød
Lina Mathild Dr. Gaetem
Harvard T. Gjøle
Marion Slettebø
Sølkel Gjøle